

GODT VAKSEN

Kvinnheringar fortel og
reflekterer over livet

Kristian Hus, tekst
Kristen Børje Hus, foto

Utgjeven av
MULTIPLEKS DESIGN

KOLOFON

Skrift: Dante MT 12 / 16 pt.

Alle intervju: Kristian Hus

Alle foto: Kristen Børje Hus,

utanom der det er gitt andre opplysningar.

Tekstsats og grafisk design: Kristen Børje Hus, Multipleks design

Ebok utgjeven av Multipleks design i 2022.

ISBN 978-82-690128-2-8

Trykt bok utgjeven i 2015 i 600 eksemplar.

www.multipleks.no

Lov om opphavsrett til åndsverk m.v. (Åndsverkslova) gjeld for denne publikasjonen.

Kopiering av tekst og bilete er ikkje tillate utan avtale med utgjevaren eller forfattaren.

«Alder er som å klyve til toppen av eit fjell.
Ein vert nok litt andpusten,
men ein får mykje betre utsyn.»

Ingrid Bergman

INNHALD

Føreord 9

Bernt Kaldestad 12
Valborg Vikane 24
Karl Landro 38

Essay, Karen Anna L. Kleppe 51

Solveig Heimvik 56
Reidar Hjelmeland 70
Tordis Gausvik 80

Essay, Ove Tvedt 95

Jens Ljosnes 102
Ragna Hjelmeland 116
Wenche Skaaluren 130

Essay, Otto Blokhus 147

Bjørg Hellesøy 154
Bjarne Enæs 170
Birgit Boland 182

Om forfattaren og fotografen 198

FØREORD

Godt vaksen er boka om 12 tilårskomne kvinnheringar, alle over 90 år. Dei fortel kvar sine interessante historiar om livet sitt, frå oppveksten i tjue- og trettiåra og fram til i dag når dei er komne på oppløpssida i livet. Det er først og fremst forteljingar om korleis det var å veksa opp, ofte under tronge økonomiske kår og åra dei har levd seinare, og litt om kva som eventuelt ventar oss etterpå når vi legg att augo for siste gang.

Idéen til boka voks fram då eg kom med i Eldrerådet i Kvinnherad, utan noko direkte tilknyting til dette vervet. Dessutan vart eg inspirert av Åshild Ulstrup si bok; «*100 pluss – våre eldste forteller*» (Dinamo forlag, 2005). Eg takkar henne for nyttige råd i startfasen av dette prosjektet.

Så langt eg veit, har det ikkje tidlegare vore laga ei bok om 90-åringar her i kommunen. I så fall var det på tide at denne aldersgruppa fekk koma til orde og fortelja sine historiar. For menneske som har levd så lenge sit inne med mykje kunnskap, erfaring og visdom etter sine lange liv, som eg meiner har vore viktig å få nedteikna. Når folk er vekke for godt, er det for seint å spørja seg korleis livet deira var.

Som pressemann møtte eg mange slags menneske på min veg. Møtet med dei tolv eldre i denne boka var likevel noko nytt, ja, ei ny og spennande

oppleving kvar gong, som eg ikkje ville vore forutan. Samtalane med dei var så interessante at eg håpar boka kan vera til ettertanke også for andre, spesielt i høve til korleis deira generasjon måtte greia seg samanlikna med tida vi lever i.

Dei aller fleste som er skrivne om er menneske som ikkje har vore så mykje framme tidlegare. Dei har levd sine liv, ofte i det stille på kvar sin plass i samfunnet. Nokon er likevel meir kjende personar etter å ha gjort seg gjeldande i samfunnsliv og politikk i heimbygda.

Utvalet er nokså tilfeldig, og enno finst det mange vitale eldre rundt om i Kvinnherad, som kunne vore med i boka. Men eg har lagt vekt på å få ei så god geografisk spreiing som mogleg, frå små utkantbygder til meir sentrale strok.

Ikkje alle eldre får bu i sin eigen heim livet ut. Når åra kjem på og helsa kanskje sviktar, treng mange hjelp og pleie for å greia seg gjennom dagen. Då er ein offentleg sjukeheimsplass ofte einaste løysinga, så sant dagleg tilsyn frå heimesjukepleien ikkje er tilstrekkeleg. Men i denne boka kan du òg lesa om godt vaksne som er så pass friske og oppegåande at dei heller vil flytta til mindre leiligheter i sentrale strok, som alternativ til ein institusjonsplass. Der kjem dei i det minste nærare dei kommunale tenestene og får ofte også eit betre sosialt liv, med meir folk og røre omkring seg enn dei er vane med.

Solveig Heimvik frå Utåker tok dette valet og flytte til Husnes før jul i 2014. Men før boka var ferdig døydde ho brått, 93 år gammal. Vi snakka ope om at dersom noko slikt skulle skje, ville ho likevel koma med. «Å, ja, slikt har vi inga garanti for, så det er heilt i orden», sa Solveig. Ho var fast i trua på eit evig liv, men var likevel mest oppteken av dagen i dag. Dessutan meinte ho at eldre menneske ikkje må setja seg ned og stura, men vera aktive og koma seg ut, så sant ein kan. Det same seier fleire andre i denne boka.

Forutan intervjua med dei tolv eldre, har tre kvinnheringar i ulike livsfasar skrive kvart sitt essay i boka. 19-åringen Karen Anna Kleppe skriv om sine tankar om det å leva og døy, medan nyslått pensjonist Ove Tvedt (65) prøver å sjå framover mot alderdomen, og kva som ventar han der. Otto Blokhus (83) er den tredje og siste skribenten, som fortel om korleis det er å bli gammal og oppleva sjukdom råka familien. Han skriv om eit langt liv saman med kona si, Hildur, som er vorten dement og no bur på Husnestunet.

Eg takkar alle som på kvar sin måte har medverka til at boka er blitt til. Det gjeld først og fremst alle dykk som eg fekk koma på besøk til, og snakka med. De var alle positive og sa *ja* på strak arm då eg tok kontakt.

Ei stor takk går også til Kristen Børje, yngste sonen vår, som har vore fotograf og grafisk designar. Utan han er det tvilsamt om boka hadde blitt til. Kona mi, Solveig, og Geir, den eldste sonen vår, har vore nyttige diskusjonspartnarar og konsulentar under vegs. Eg takkar også dei for hjelpa.

Takk òg til deg som no er i gang med å lesa boka. Eg håpar du vil få stor glede av ho.

Husnes, september 2015
Kristian Hus



BERNT
KALDESTAD

Ikkje gammal – berre eldre



Bernt Kaldestad (fødd 1922) ønskjer å bu i heimen sin livet ut. Å flytta til ein annan stad vil han absolutt ikkje, i alle fall ikkje så lenge han er så sprek som no. Dessutan vil han ikkje høyra snakk om at han er ein gammal mann.

– Eg er berre blitt noko eldre, slår han fast med fynd når vi besøkjer han i huset han sjølv bygde i 1950, året før han gifte seg med Sigma. Bortsett frå litt plager etter eit lårbeinsbrot, er 93-åringen frisk og rask både i kropp og sjel. Å flytta frå heimen sin på Kaldestad er ikkje tema. Ikkje tenkjer han så mykje på det som ein gong skal koma heller, sjølv om tanken av og til streifar han.

– Nei, eg er nok blant dei som skyv slutten framfor seg lengst mogleg, seier Bernt ettertenksamt. Men det slår han av og til at vi kanskje har ei udødeleg sjel. Han er i det minste overtydd om at det finst meir mellom himmel og jord enn det vi er i stand til å forstå. Men om vi får eit liv ein annan stad eller i eit anna univers når det er slutt her på jorda, er 93-åringen heller tvilande til.

Vi veit heldigvis ikkje kva som skal koma, og ikkje vil eg tenkja så mykje på det heller, seier Bernt. Han er meir oppteken av livet som det er her på jorda og prøver å gjera det beste utifrå situasjonen som han er i dag. Å gå rundt og grubla over slike vanskelege spørsmål fører ikkje noko positivt med seg, meiner han. Kven skulle vi forresten få eit påliteleg svar frå? undrast han.

Einaste Bernt har gjort med tanke på at han ein gong skal fara herifrå, er å dela det han eigde av gard og grunn mellom dei tre borna sine.

– Eg ville ikkje at det skulle bli nokon krangel mellom dei etter meg, så eg har gjort mitt i så måte.

SMÅ KÅR PÅ KALDESTAD

Bernt voks opp i små kår i lag med foreldre og seks søsken på eit lite småbruk. Mora kom frå Hatlestrand, medan faren dreiv småbruk på Kaldestad. Faren reiste òg ein del til sjøs som maskinist for å skaffa pengar til familien utover den vesle utkoma frå småbruket.

– Eg har stort sett berre gode minne frå barndommen min, trass i dei trange tidene vi levde i den gongen, seier Bernt. Men noko særleg lagsliv utanom ungdomslaget fanst ikkje i den vesle krinsen mellom Husnes og Sunde.

Ungane gjekk på gamle Undarheim skule annakvar dag, minnest han. Seinare gjekk han på yrkesskulen i to år og der lærte han seg treskjering, eit handverk som gjennom heile livet har vore både ein hobby og eit yrke. Etter krigen var han både møbelsnikkar og bygningsarbeidar i mange år før han fekk seg jobb på Valen sjukehus.

I ungdommen arbeidde Bernt på hermetikkfabrikken på Sunde og var også med på brislingfiske i ein sesong. Han var kokk for 12 mann om bord, berre vel 17 år gammal. Det var litt av ei oppleving, forstår vi, med heller lite fiske og lite pengar. Likevel levde mannskapet godt på maten som den unge guten frå Kaldestad serverte. Han høyrde i alle fall aldri nokon som klaga.

APRILDAGANE I 1940

Bernt tar oss med attende til aprildagane i 1940 då det kom til kamp mellom tyskarane og norske styrkar ved Ånuglo i Husnesfjorden. Frå Kaldestad kunne dei følgja situasjonen så å seia på nært hald då mineleggjaren «Tyr» vart torpedert. Det var dramatisk for ein 18-åring å vera vitne til. Natta før hadde han site oppe og sydd solar under støvlane til søskenbarnet sitt, som var innkalla til militærteneste på Voss.

– Du veit, den gongen måtte vi læra oss å reparera skoa våre sjølve, seier Bernt.

Etter som han sjølv var berre 18 år gammal då krigen braut ut, vart han



i første omgang ikkje innkalla til militærteneste. Men to år seinare kom ordren frå den tyske okkupasjonsmakta om at han hadde å møta på arbeidsleir i Skjold utanfor Haugesund. Der var det helst vanleg gardsarbeid som føregjekk; dyrking av jord, grøftegraving og anna. Men det vart òg drive ein del militær eksersis innimellom.

– Vi marsjerte med spadar på aksla, som om det var gevær vi bar på, minnest Bernt. Sjølv er han overtydd om at nazistane hadde ein plan om å senda ungdommane frå arbeidsleiren til austfronten for å delta i krigen mot russarane. Slik vart det heldigvis ikkje.



ARKIVET TIL HIMMELS

Etter tre månader i arbeidsleiren kom Bernt heim att og såg for seg at det etter ei tid ville koma ordre frå tyskarane om å reisa ut i krigen. Men det skjedde ikkje, noko han i dag takkar motstandsmannen Gunnar Sønsteby (1918–2012), Max Manus og dei andre i sabotasjegruppa Oslogjengen for. I ein av dei mange aksjonane dei gjennomførde under krigen vart kontoret til den nazistyrde Arbeidsmobiliseringa i Oslo og arkivet med namna på tusenvis av norske menn, sprengt i lufta.

Under krigen var forresten Bernt òg med på å «lura» tyskarane på ein måte, saman med mange andre songarar i heile distriktet. Han var 1. tenor i Husnes mannskor og gjekk fast på øvingane. Men noko stemne ville ikkje okkupantane ha noko av, det var forbode.

– Men vi lurde oss til og reiste på songarstemne kvar sommar likevel, fortel førstetenoren. I heile 70 år var han aktiv i mannskoret.

Då krigen var slutt og gjenreisinga av landet var i full gang, var Bernt komen i den alderen at det var tid for å tenkja på å stifta eigen familie. Men først måtte han skaffa tak over hovudet til seg og kona, etter som det var lite hus til leige den gongen. Tømmeret henta han frå faren sin skog i Kaldestadåsen og grov ut tomta med handamakt. Då hadde han samtidig teke opp eit lån på 10 000 kroner.

STIFTA FAMILIE

I 1950 stod huset ferdig og året etter gifte Bernt seg med kjærasten sin, Sigma, i Husnes kyrkje. Dei fekk nærpå 50 år saman før ho døydde i 2001. Dei fekk tre barn; to gutar og ei jente.

I 1955, då Bernt var 33 år gammal søkte han sommarjobb ved Valen sjukehus – og vart tilsett. Her vart han også verande i heile 32 år, først med ansvar for eigedomane ved sjukehuset og seinare som pleiar. På den tida kunne det vera rundt 500 psykiatriske pasientar der.

Etter alle åra på Valen sa Bernt takk for seg i 1987. Då var han «berre» 65 år gammal. Det var ikkje aktuelt å fortsetja i fast arbeid, til det hadde han så alt for mykje anna å gjera på heimebane. Å sitja stille etter så mange år i arbeidslivet, låg dessutan ikkje for han.

Bernt har vore heilt bevisst på at aktivitet er viktig når ein er vorten pensjonist. Så tru berre ikkje at han har vore arbeidslaus sidan han slutta på Valen i 1987. Treskjering og mindre snikkararbeid, yrkesvalet som i ungdommen også vart ein hobby, har teke mykje av tida hans etter at han slutta som pleiar.

POLITIKK

I sitt lange liv har Bernt Kaldestad også delteke i politisk arbeid. Som 60-åring vart han innvalt i kommunestyret for Arbeidarpartiet, medan han representerte partiet i skulestyret i heile fire periodar. Der fekk han mellom anna vera med å vedta bygginga av fleire nye skular i Kvinnherad. Det står i sterk kontrast til den diskusjonen som føregår i dag.

– I dag ser det nesten ut til at skuleungane er blitt ein belastning for mange politikarar, seier Bernt, og tenkjer på dei evigvarande debattane om å leggja ned skular. Dei veit ikkje kva dei held på med, seier 93-åringen og kastar seg dermed inn i skuledebatten.

Eg trudde lenge at det berre var oss eldre som var blitt ein belastning for enkelte kommunepolitikarar, men no ser det sanneleg ut for at mange skuleelevar lir same skjebne. Vi må sjå til å få begravd dette sentraliseringsspøkelset her i kommunen, og halda på dei skulane vi har.

Det er så mykje snakk om at ungdommane må flytta heim igjen i dag, men kva skal dei flytta heim til? spør Bernt. Han gjev sjølv svaret; bygdekrangel!

– Nei, politikarane må ta til vit, seier den tidlegare Ap-representanten.



MIDDAG TIL ELDRE

Bernt tar òg eit oppgjer med dei som «fann på» at kommunen skulle kjøpa middag til sjukeheimane frå Bergen. Det er heilt ut på viddene, seier 93-åringen. Han tykkjer dei som var med på dette vedtaket, langt på veg bretta ut sin eigen toskeskap når dei kunne vedta noko slikt. Det vitnar i alle fall om dårleg reknekunst, forutan at dei tok noko svært viktig ifrå dei eldre.

– Du er engasjert i politikk enno, forstår vi?

– Ja, du veit, så lenge eg kan lesa aviser og høyra kva som blir sagt i radio og i fjernsynet, så held eg meg oppdatert om det som skjer både ute og her lokalt. Eg kan jo ikkje berre sitja her i stova og snakka med meg sjølv heile tida, skrattar Bernt.

– Gjer du det?